

Norec
Fjellvegen 9
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

23/16984 -

19.12.2024

Statsbudsjettet 2024 – Norec - supplerande tildelingsbrev nr. 3

Vi viser til tildelingsbrev til Norec for 2024 og supplerande tildelingsbrev. Dette brevet inneheld m.a. endringar i løyva til Norec som følgje av nysalderinga for 2024, jf. Stortingets vedtak 13. desember 2024.

1. Endringar i tildelingar av midlar

Det blir gjort følgjande endringar i løyva til Norec for 2024:

Kap.	Post	Formål	Beløp (i 1000 kroner)
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec	
	01	Driftsutgifter	3 563
170		Sivilt samfunn	
	70	Sivilt samfunn, <i>kan overførast</i>	-1 543

Kap. 144, post 01

Norec vert tildelt 2,6 mill. kroner til å dekkje meirkostnader som følgje av at ansvaret for evaluering av norsk bistand vert flytta til Norec. I tillegg vert Norec tildelt 963 000 kroner som skal kompensere for lønnsoppgjeret for 2024.

Kap. 170, post 70

Løyvinga vert redusert med 1 543 000 kroner som følgje av mindreforbruk på posten i 2024.

2. Administrativ fullmakt

Norec blir med dette gitt fullmakt til å ta administrative avgjerder om flytting til/frå utlandet, jf. Statens personalhandbok kap. 10.6.4.

3. Rapportering

Tildelingane skal nyttast i samsvar med gjeldande retningslinjer for økonomiforvaltning, og det skal rapporterast på tildelte midlar og oppdrag i tråd med krava til rapportering som er omtalt i det ordinære tildelingsbrevet for 2024.

4. Oppdatert oversikt over tildelte midlar

Under følgjer ei oppdatert oversikt over tildelte midlar i 2024 for Norec.

Kap.	Post	Formål	Beløp (i 1000 kroner)
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec	
	01	Driftsutgifter	63 784
	70	Utvekslingsordningar, <i>kan overførast</i>	133 816
	71	Rekruttering til internasjonale organisasjonar, <i>kan overførast</i>	50 267
170		Sivilt samfunn	
	70	Sivilt samfunn, <i>kan overførast</i>	6 457
Sum			254 324

Med helsing

Vegar Sundsbø Brynildsen
assisterande utanriksråd

Siri Edelsteen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og treng difor ikkje fysisk signatur.

Kopi: Riksrevisjonen